



Referat frå møte i samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet

Tid: Måndag 02.02.2026, kl 18:00

Stad: Møterom 1. høgda, Spildepollen skule

Desse blei innkalla:

- Sølvi Toft Bakke, Andreea Pop (lærarar)
- Elisabeth Olsen (andre tilsette)
- Liam og Eiril (elevar)
- Mona Helen Kroksveen, Benedicte Iselin Herdlevær (føresette)
- Renate Toft og Linda Selheim (kommunen)

Desse meldte forfall:

Sølvi Bakke, Elisabeth Olsen, Liam, Eiril, Renate Toft.

Saksliste

- Godkjenning av innkalling og saksliste
Godkjent utan merknader
- Val av referent
Linda Selheim blei valt.
- Konstituering
Leiar: Andreea Pop (lærer), nestleiar: Mona Kroksveen, referent: rektor Linda Selheim
- Elevundersøkinga; resultat og oppfølgingsplan
Rektor informerte om resultat, prosess med brei involvering og oppfølgingsplan.
- Nasjonale prøver; resultat og oppfølgingsplan
Rektor informerte om resultat, prosess med brei involvering og medverknad, samt oppfølgingsplan.
- Kvalitetsdialog med skulesjefen
Neste kvalitetsdialog er 11. mars. Rammer for dialogen er endra frå i fjor. Skulen ventar på meir informasjon.
- Elevrådsarbeid
Rektor informerer om organisering, møter og aktivitetar.
- Års- og aktivitetsplan
Drøfter ulike miljøfremjande tiltak, t.d. fleire elevkveldar/sosiale tilstellingar. SU/SMU kan gjerne overta sosiale kveldar frå FAU. Nestleiar Mona melder dette som sak til neste FAU-møte.
- Møteplan
Tilstrekkelig med eitt møte kvart semester. Open for å innkalle til fleire møter ved behov.